

## Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 15.12.2020

Rosalind Fosse, FrP, sette fram slikt tilleggsforslag:

«g) Søkjarar fra Gloppen skal ha nærskulepoeng til Mo og Øyrane og Hafstad vgs.  
(Breim har i dag).»

Alexander Fosse Andersen, SP, sette på vegner av SP, A, SV, KfR og MDG og fram slikt tilleggsforslag:

«Nærskulepoeng Solund

- Søkjarar frå Solund får i tillegg nærskulepoeng til Flora vgs»

### Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Fosse sitt forslag fekk 1 røyst (FrP) og fall.

Andersen sitt tilleggsforslag vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

Hovudutval for opplæring og kompetanse vedtok i møte 3.11.2020 (PS-sak 54/20) justeringar av nærskulematrisa, datert 12.10.2020. Nærskulematrisa blir justert med slike tillegg:

- a) Søkjarar frå Samnanger kommune og Vaksdal kommune får nærskulepoeng også til Osterøy vgs
- b) Søkjarar frå Samnanger kommune får nærskulepoeng også til Fusa vgs
- c) Søkjarar frå Kvam herad får nærskulepoeng også til Fusa vgs
- d) Søkjarar frå Kvinnherad kommune, postnummer 5636 Varaldsøy får nærskulepoeng også til Fusa vgs og Kvam vgs.
- e) Søkjarar frå Modalen kommune får ikkje nærskulepoeng til Voss vgs eller Voss gymnas.
- f) Fylkesdirektøren får fullmakt til å foreta mindre justeringar der det kjem fram tydelege behov.
- g) Nærskulepoeng Solund: Søkjarar frå Solund får i tillegg nærskulepoeng til Flora vgs.

Ny nærskulematrise er datert 08.12.2020.